




---

# BACHELOROPPGÅVE OM BRUKEN AV ESTETISKE FAG I BARNEHAGEN

---

Ei kvalitativ forskingsstudie om metodar og bruk av dei estetiske faga i  
barnehagen



---

*Pollock-inspirert måleri, Bakketoppen barnehage*

---

BACHELOROPPGÅVE,  
HAUSTEN 2015

MARTE GAUSEMEL

## Forord

Som ein del av den nye barnehagelærerutdanninga er det eit krav at alle tredjeårsstudentane skal skrive ei bacheloroppgåve om eit sjølvvalt tema. Oppgåva er individuell og skal ha eit empirisk retta forskingsarbeid. Oppgåva skal ha ei problemstilling som er relevant for temaet ein har valt, og som er relevant for arbeidet i barnehagen. Oppgåva skal og gje ei innføring i vitskapsteori og metode.

Denne oppgåva handlar om korleis personalet i barnehagen arbeidar med kunstfaga, sett i lys av at dei seinare år har vore store diskusjonar kring bruk av språkkartlegging i skulen, og etter PISA-undersøkingane kom inn i bilete har skulane fått stadig meir fokus på matematikk, norsk og språkfag. Eg ville sjå litt om korleis denne tendensen ser ut i barnehagen. Særleg no når det igjen er aktuelt i debatten om obligatorisk kartlegging av barna sitt språk i barnehage.

Det har vore både interessant og spanande og skulle tre inn i forskingsrolla som student og uerfaren forskar. Som nesten ferdigutdanna barnehagelærer med innblikk i nyare teoriar og forskning har det vore interessant å snakke med meir erfarne pedagogar i barnehagen om korleis dei og personalet deira nyttar seg av dei estetiske faga i barnehagekvardagen. Dette arbeidet ser eg som ei nyttig erfaring og eg har fått god innføring i korleis ei forskingsbasert oppgåve skal skrivast.

Oppgåva hadde ikkje vorte noko av utan dei hjelpsame informantane som tok seg til i ein travel barnehagedag til å snakke med meg. Tusen takk! Eg vil også rette ein stor takk til vegleiaren min, Stein Helge Solstad, som gjennom arbeidet kom med gode råd, konstruktive tilbakemeldingar og inspirasjon til aktuell forskning på området.

## Samandrag

**Bakgrunn:** I denne oppgåva har eg fokusert på korleis pedagogisk leiar legg til rette for bruk av estetiske fag i barnehagekvardagen, med særleg vekt på musikkfaget. Grunnen til at eg valde dette som tema for oppgåva er at eg har alltid sett på desse faga som viktige og morosame sjølv, og ville gjennom denne oppgåva finne ut korleis eg sjølv kunne nytte meg av desse faga og planlegge for gode aktivitetar innanfor fagområdet.

**Føremål:** Eg ynskjer gjennom forskinga å finne ut korleis pedagogane brukar og legg til rette for bruk av dei estetiske faga musikk, drama, dans og formgivingsfag. Eg ynskte å få informasjon får pedagogar i barnehagen om korleis dei planlegg og legg til rette for bruken av dei estetiske faga, samtidig som eg fekk innblikk i korleis dei nyttar seg av barnehagen sitt personalet og rom, og korleis dei vel seg ut tema og aktivitetar som dei ynskjer å jobbe med.

**Metode:** I oppgåva har eg valt å nytte meg av kvalitativ forskning. Gjennom kvalitativ forskingsmetode vil eg få tilgang til informantane sine tankar og refleksjonar. Eg har gjennomført to intervju med pedagogar i to forskjellige barnehagar.

**Resultat:** Informantane hadde mange felles trekk på korleis ein burde legge til rette for dei estetiske faga i kvardagen. Ein ser likevel at der er nokre forskjellar både i korleis dei vel ut aktivitetar og kva type aktivitetar som barnehagane fokuserer på å arbeide med.

**Truverd:** Intervjuguiden som blei nytta til intervju har eg laga sjølv. Den er basert på eit semistrukturert intervju, der det er mogleg å stille oppfølgingsspørsmål. Eg samtalte også med rettleiar om intervjuguiden og eg brukte ein kjenning i barnehagesektoren til å prøve ut spørsmåla. Eg var bevisst på å ikkje dele ut spørsmåla i forkant, og på den måten kunne dei ikkje førebu svar, noko som auka validiteten til oppgåva.

**Konklusjon:** Pedagogane har mykje kunnskapar om korleis legge til rette, og dei brukar desse kunnskapane på gode måtar for å prøve å skape gode situasjonar der barna får opplevingar og vere i utvikling. Gjennom å bruke dei estetiske faga får barna inntrykk og opplevingar, og gjennom aktivitetane som barnehagen legg opp til får barna sjølve gje uttrykk for dette gjennom skapande verksemd.

# Innholdsliste

Innholdsliste .....	4
1.0 Innleiing .....	6
1.1 Problemstilling .....	6
1.2 Definisjon av relevante omgrep .....	6
2.0 Teoretisk grunnlag.....	7
2.1 Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen (RP11) .....	7
2.1.1 Rammeplan (RP11) om fagområde «Kunst, kultur og kreativitet» .....	8
2.2 Kva er estetiske fag? .....	8
2.2.1 Kvifor er estetiske fag viktig i barnehagen?.....	9
2.3 Kva er musikk?.....	10
2.3.1 Kvifor er musikk viktig i barnehagen?.....	10
2.4 Barns læring, motivasjon og meistring .....	11
2.5 Barnehagen sitt fysiske rom .....	13
2.5.1 Rom for lek .....	13
2.5.2 Rom for kunst.....	14
2.5.3 Offentlege kulturtilbod .....	14
3.0 Metode.....	14
3.1 Det kvalitative forskingsintervjuet .....	15
3.2 Gjennomføring av intervju og transkripsjon .....	16
3.3 Informantane .....	17
3.3.1. Informasjon om informantane .....	17
4.0 Presentasjon av empiri .....	18
4.1 Kvifor legge til rette for estetiske fag?.....	18
4.2. Korleis planlegge og legge til rette for bruk av estetiske fag? .....	19
4.2.1 Bruk av rom og bruk av personale .....	20
4.2.2 Prestasjon og prestasjonsangst .....	22

4.2.3 Offentlege kulturtilbod .....	23
5.0 Drøfting av analysedelen.....	24
5.1 Kvifor legge til rette for estetiske fag?.....	24
5.2 Korleis planlegge og legge til rette for bruk av estetiske fag? .....	25
5.2.1 Bruk av rom og bruk av personale .....	26
5.2.2 Prestasjon og prestasjonsangst .....	28
5.2.3 Offentlege kulturtilbod.....	28
6.0 Truverd av data.....	30
6.1 Moglege feilkjelder i intervju.....	30
7.0 Konklusjon .....	31
7.1 Veggen vidare .....	32
8.0 Referansar.....	33
9.0 Vedlegg .....	35
9.1 Vedlegg 1: E-post til styrar .....	35
9.2 Vedlegg 2: Informasjonsskriv til informanten .....	36
9.3 Vedlegg 3: Intervjuguide.....	37

## Liste over figurar

Figur 1 .....	24
---------------	----

## 1.0 Innleiing

Denne oppgåva handlar om korleis barnehagane arbeider med faga innan fagområdet «kunst, kultur og kreativitet» og hovudformålet er å få innblikk i korleis barnehagane no arbeidar med dei estetiske faga.

Eg har som lærarstudent og tidlegare musikkstudent eit hjarte for faga i dette fagområdet fordi eg sjølv ser at dei estetiske faga er mindre prioritert i skulesamanheng. Tendensane til at dei estetiske faga blir nedprioritert i forhold til fag som norsk, matematikk og språkfag i skulen har blitt tydelegare etter innføringa av Kunnskapsløftet og PISA-undersøkinga (Allern, 2011). Sæbø (2010.s.25) viser til Winsvold og Gulbrandsen si undersøking av systematisk arbeid med fagområdet Kunst, kultur og kreativitet. Denne undersøking viste at i løpet av fire år, frå 2004 til 2008, sank andelen barnehagar som arbeidde systematisk med fagområdet frå 50% til 30 %.

Dei gamle grekarane såg på utviklinga av det estetiske i mennesket som ei sjølvfølge for det harmoniske mennesket. «Førskolepedagogikken i Norden uttrykker et helere menneskesyn enn skolen. De estetiske fagområdene har tyngde, men vi påstår likevel at tyngden er meir i teorien enn i realitert praksis» (Carlsen & Samuelsen, 1988.s.10). Sidan denne boka blei skriven har barnehagane fått utarbeidd eigne styringsdokument gjennom Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen (RP11) og Barnehagelova. Desse dokumenta legg føringar for korleis barnehagen skal utføre sine oppgåver i praksis.

### 1.1 Problemstilling

Mi problemstilling er «korleis legg personalet i barnehagen til rette for bruk av dei estetiske faga, musikk, drama, forming og dans, i barnehagekvardagen, med særleg vekt på musikkfaget». Eg vil sjå på korleis personalet planlegg, organiserer og brukar musikk, kunst og formgivingsfag for å legge til rette for dei gode estetiske opplevingane som er med på å sikre barn utvikling av aktuelle ferdigheiter og kompetanse innanfor fagområdet «Kunst, kultur og kreativitet».

### 1.2 Definisjon av relevante omgrep

**Estetisk oppleving** kan forståast som dei sanse- og opplevingsmessige erfaringane barn får

gjennom å utfalde seg gjennom kunsten (Hege Holmqvist, personleg kommunikasjon, 01.10.14)

**Estetiske fag:** Ordet estetikk kjem frå gresk og tyder å sanse, eller å føle. Med dette som utgangspunkt kan ein forstå estetiske fag som dei sanselege faga; drama, forming, musikk og dans/bevegelse (Carlsen & Samuelsen, 1988.s.10).

**Kompetanse** kan omfatte kunnskap, ferdigheiter og haldningar som må til for å gjennomføre oppgåver riktig (Larsen & Slåtten 2014.s.160). Evna barna og dei vaksne har til å meistre dei ulike situasjonar og oppgåver som dei får i kvardagen.

**Kunstnarisk ferdigheiter** er tillært dugleik, evna til mestring av teknikkar eller taus kunnskap som blir til gjennom øving (<https://snl.no/teknikk> ).

## 2.0 Teoretisk grunnlag

I denne delen av oppgåva vil eg trekkje fram teori som eg meiner er relevant for temaet i oppgåva, og som vil vere med å belyse problemstillinga. Eg har valt å dele dette kapittelet inn i fire undertema der eg tek opp dei teoriane som er mest sentrale for seinare å skulle gjennomføre drøfting av datamaterialet. Fyrst vil eg seie litt om kva Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen (RP11) seier om bruk av fagområdet «kunst, kultur og kreativitet» før eg tek føre meg teoriar om kva estetiske fag og musikk er, og korleis desse kan nyttast i barnehagen. Til slutt vil eg sjå på teoriar kring kva metode, motivasjon og meistring har å seie for bruk av estetiske fag i barnehagen.

### 2.1 Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen (RP11)

Rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen<sup>1</sup> er eit styringsdokument frå Kunnskapsdepartementet. RP11 er delt inn i tre delar, der fyrste del handlar om samfunnsmandatet til barnehagen, andre del handlar om innhaldet i barnehagen og tredje del handlar om planlegging og samarbeid. I andre del, innhaldet i barnehagen, delast RP11 inn i sju fagområder som ein skal arbeide med. Desse sju fagområda er «kommunikasjon, språk og tekst», «kropp, rørsle og helse», «kunst, kultur og kreativitet», «natur, miljø og teknikk», «etikk, religion og filosofi», «nærmiljø og samfunn» og «tal, rom og form».

RP11 er ei forskrift til Barnehagelova, det vil seie at det er ei utgreiing og forklaring av lova, og ho er like bindande som Barnehagelova. RP11 gir barnehagelærarane ei forpliktande

---

<sup>1</sup> Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen vil vidare omtalast som RP11

ramme for planlegging, pedagogisk gjennomføring og vurdering av eiga verksemd. RP11 gjev også informasjon til barna og foreldra om kva som kan forventast at barnehagen skal arbeide med og korleis ein arbeidar med det (Larsen & Slåtten, 2011.s.269).

#### 2.1.1 Rammeplan (RP11) om fagområde «Kunst, kultur og kreativitet»

I RP11 står det at «barnehagen må gi barna høve til å oppleve kunst og kultur og til sjølve å uttrykkje seg estetisk» (Kunnskapsdepartementet, 2011.s.36). Dette handlar om å gje barna opplevingar med alle faga innanfor fagområdet kunst, kultur og kreativitet. Arbeidet med dei estetiske faga skal gje barna moglegheiter til å sanse, eksperimentere, oppleve, skape, tenkje og kommunisere. Det kan gjerast gjennom biletkunst, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design (Kunnskapsdepartementet, 2011.s.36). Fagområdet står dermed veldig ope, og det er opp til kvar enkelt barnehage å finne ut kva god praksis for gjennomføring av desse aktivitetane er, samt dokumentere framgangen på ein tilfredsstillande måte.

#### 2.2 Kva er estetiske fag?

Dei estetiske faga gjev barna ein måte å uttrykke seg spontant og fysisk, som ein reaksjon på alle dei inntrykka dei får i formelle og uformelle situasjonar. Om ein observerer barna sine uttrykk kan ein trekke det inn i dei formelle læresituasjonane (Sæther & Hagen, 2013.s.435). At barna får opplevingar knytt til forskjellige situasjonar gjer at dei kan uttrykke seg gjennom dei estetiske faga. Eit døme på inntrykk i barnehagen kan vere teaterframvisingar, konsertar eller gardsbesøk, noko som set i gang fantasien til barna og seinare kjem til uttrykk gjennom barna sin rolleleik, musikk eller teikningar. Carlsen & Samuelsen (1988.s.12) kallar desse opplevingane estetiske opplevingar. Som pedagog er det difor vår oppgåve å syte for at dei inntrykka barna får gjennom estetiske opplevingar stimulerer til vidare handling hos barnet.

«En barnehage hvor det arbeides med liv og lyst innenfor den estetiske sektoren ut fra en forsvarlig planlegging og med profesjonell bruk av personalet, vil ha gode betingelser for å stimulere variert estetisk utvikling hos barna» (Carlsen & Samuelsen, 1988.s.16). Personalet må jobbe for å nå barna på det nivået dei er, og ikkje planlegge aktivitetar som ikkje tek høgde for at barn utviklar seg forskjellig innanfor dei ulike fagområda. Personalet sitt engasjement og kompetanse er avgjerande for at barnehagen skal komme inn i ein kreativ prosess der barna får gode estetiske opplevingar og moglegheit til å skape eigne uttrykk.



«Når de estetiske fagområdene fungerer ut fra sin egenart; på det personlige, sanselige øyeblikksplan, er det en indre sammenheng mellom de estetiske aktivitetene.

Fagområdene beriker hverandre, støtter hverandre, men har også hver for seg noe spesielt å bidra med. Musikken kan ikke erstatte formingen, dramatiseringen eller dansen. Barnas estetiske utvikling skjer i tett samspill og vekselvirkning med miljøet i hjem og barnehage» (Carlsen & Samuelsen, 1988.s.20).

Om dei estetiske faga får vere ei eiga oppleving, ikkje ein aktivitet for å fylle dagen, men som eit mål i seg sjølv, så får desse faga ein større verdi. For å få til dette må ein arbeide på ulike måtar og nytte forskjellige metodar for å skape ei meir heilskapleg oppleving og gje barna gode erfaringar.

#### 2.2.1 Kvifor er estetiske fag viktig i barnehagen?

Barnehagen skal vere med på å sikre at alle barn får ein god og sikker oppvekst. For barnehagen er det RP11 som legg dette grunnlaget. Innan fagområdet «Kunst, kultur og kreativitet» gjev RP klare mål og korleis personalet må arbeide med fagområdet for at barna skal få oppleve, lære og skape. «Barn opplever, lærer og utvikler seg i meningsfulle sammenhenger» (Sæbø, 2010.s.15), og personale i barnehagen må vere med å skape dei meningsfulle samanhengane.

RP11 meiner blant anna at barna skal lære «å lytte, observere og uttrykkje seg gjennom allsidige møte med og refleksjon over kultur, kunst og estetikk» (Kunnskapsdepartementet, 2011.s.44). Samtidig lever vi i ei verd der barn får inntrykk frå ulike massemedia kvar einaste dag. Radio, tv, CD-ar, data og nettbrett er blitt vanlege reiskapar som alle barn har eit forhold til. Dette fører til at personalet må gå inn og vere selektive og styrande i si utveljing av kva kunst barna får opplevingar med, og utvise godt skjønn for at barn skal få opplevingar med all type kunst (Carlsen og Samuelsen, 1988.s.16). I heimen er det foreldre eller føresette som formidlar estetikk for barn. Barnehagen skal såleis utvikle og utvide det grunnlaget som heimen gjev barnet. Personalet har vidare ei oppgåve om å gi barna varierte og allsidige møter med estetikken. For å få til det må ein tenkje over kva kunst og kva musikk dei set på og viser fram i barnehagen, og saman med heimen sørge for at barna får innblikk i forskjellige kulturar, kunst og estetikk.

I følge Bessel van der Kolk (sitert i Fugle, 2012.s.31) er kreativ aktivitet som musikk, dans

og drama særskild viktige reiskapar i arbeidet med barn og unge. Den kreative aktiviteten gjev tilgang til opplevingar, samspel, leik, utvikling og læring, det blir eit område der dei opplever meining og glede. Dei minste barna må forståast som kropp. Dei lærer gjennom sansane og dei estetiske opplevingar gjennom sansane gjev grunnlag for utvikling og læring (Sæbø,2010.s.17). Samtidig viser også nyare hjerneforskning at når barn opplever samhörighet utviklar nervesystemet seg (Fugle, 2012.s.35). For å kunne få utvikle seg nok må barna få gode opplevingar med alle typar estetiske fag og få opplevingar saman som ei gruppe.

### 2.3 Kva er musikk?

I følgje Edgar Vares (sitert i Sæther, 2006.s.17) er musikk «organisert lyd». Det vil igjen bety at musikk er eit vidt omgrep, som har mange forskjellige meiningar, knytt til den som høyrer musikken. Kva som blir oppfatta som musikk er knytt til lyttaren.

Eit av måla i RP11 er at barna skal «utvikle elementær kunnskap om verkemiddel, teknikk og form for å kunne uttrykke seg estetisk i visuelt språk, musikk, song, dans og drama» (Kunnskapsdepartementet, 2011.s.44). Innan musikk vil dette vere at barna får kjennskap til grunnelementa i musikken; klang, dynamikk, melodi, rytme, puls og tekstur. Samtidig vil erfaringane barna gjer legge grunnlaget for at dei sjølve skal kunne skape musikk (Sæther, 2006.s.19-35).

Det kjem naturleg for barn å uttrykke seg gjennom musikken, men på veg mot vaksenlivet kan dette anten utviklast eller avviklast fordi ein får ei sterkare kjensle av å måtte prestere (Ese, 2007.s.78). Skal ein få med alle i aktivitetane må ein fokusere meir på dei vaksne si rolle og korleis dei tenkjer om eigne ressursar. Alle menneske er ulike, det gjeld også musikalsk, og her er det eit mål å få med seg alle – barn og vaksne. I dagens samfunn har alle eit forhold til musikk, på godt og vondt, anten gjennom radio, TV, konsertar eller program på data som Spotify, iTunes eller YouTube (Ese, 2007.s.79). Det gjeld då å legge til rette for at alle skal delta på eit nivå som dei føler dei meistarar.

#### 2.3.1 Kvifor er musikk viktig i barnehagen?

Musikk i barnehage har verdi i kraft av seg sjølv, men er også sett på som eit middel for å oppnå utanommusikalske mål som utvikling av sosial kompetanse, fellesskap, tryggleik,

motorisk utvikling, kjenslemessig utvikling, kognitiv utvikling og språkutvikling. Dette skaper ei kunstig todeling av faget, for når ein jobbar aktivt, og musikken er målet, vil alle desse utviklingsområda følgje etter (Ese, 2007.s.79).

*«Musikk som aktivitet kan vere ein innfallsport når vi vil arbeide med samspelsprosessar mellom barn. Vi kan ønske å støtte den emosjonelle utviklinga, utvikle samspelskompetanse i vid forstand, og /eller fokusere på ressursane til barna. Spørsmålet blir korleis den vaksne då kan leie barna fram mot felles rytmar og bidra til vekst og utvikling individuelt og barna i mellom» (Fugle, 2012.s.22).*

Musikken let oss uttrykke kjensler, få oss til å bevege oss, framkalle minner og opplevingar, den er nært knytt til sosiale samanhengar og til kjensleuttrykk. Musikken kan setje i sving kjensler av glede eller sinne, musikken skapar ein reaksjon hos lyttaren og utøvaren av musikk (Sæther, 2006.s.16). Musikken fengjer barna og det vil bli lettare å få barna med og konsentrere seg om aktiviteten dersom ein ikkje til stadigheit skal målast opp mot kriterier for utvikling, det er ikkje prestasjonen som står i fokus – men samhandlinga og den musiske opplevinga. Det er tydeleg at musikk har innverknad på mange områder av barns utvikling, språkleg så vel som sosial og emosjonell.

#### 2.4 Barns læring, motivasjon og meistring

Vygotskij (sitert i Askland, 2006.s.193) er opptatt av samspelet mellom barna og dei vaksne, og då særleg korleis dei vaksne er pådrivar for utvikling hos barn. Vygotskij meiner barn har to utviklingsnivå. Det fyrste er noko han omtalar som *det aktuelle utviklingsnivået*. Her ser ein dei ferdigheiter som barnet kan og de kunnskapane barnet har om eit fenomen eller ei hending. Neste nivå er det Vygotskij omtalar som *nærmaste utviklingssone*. Dette omgrepet siktar til avstanden mellom det nivået barnet er på når det gjelder individuell problemløysing, og det nivået barnet kan greie å nå dersom det får rettleiing og hjelp frå en vaksen eller en kompetent jamaldra. For at vaksne skal kunne støtte barnet si utvikling må ein gå aktivt inn i aktivitet og vere ei støtte. Når den vaksne ser at barnet byrjar klare seg sjølv gjev ein mindre støtte og lar barnet ta meir over aktiviteten. Slik kan barnet komme seg frå eit utviklingsnivå til det neste (Askland & Sataøen, 2009.s.199).

Rita Dunn (sitert i Brendeland, 2009.s.44) meiner vi alle har forskjellige læringsstrategiar og ulike måtar å tileigne seg nytt stoff. Dette seier noko om korleis ein bør tenke for å skape eit

godt læringsmiljø. Dunn ser samanheng mellom sansane og korleis mennesket lærer; nokre lærer gjennom å høyre, den auditive sansen, nokre lærer gjennom å sjå, den visuelle sansen, medan andre igjen lærer gjennom kroppen, den kinetiske sansen. Alle sansane er meir eller mindre aktive i lærings situasjonen. Dunn tek til ordet for å belyse tema på fleire ulike måtar, ved å gi inntrykk og opplevingar for alle sansane.

Teoretikaren Albert Bandura meiner at ved å lukkast med ei oppgåve, skapar ein ei forventning om å meistre liknande oppgåver seinare (sitert i Manger, Lillejord, Nordahl, & Helland, 2009, s. 258). Dette kan ein vidare sjå i samanheng med Csikszentmihalyi (sitert i Skogen, 2013.s.35) sin flytsonemodell. Dersom barn og personalet opplever at krava er for høge, til evna dei innehar, vil dei oppleve angst og otte, medan om oppgåvene blir for lette, i forhold til evna, vil dei oppleve keisemd eller angst. Dersom oppgåvene derimot er tilpassa kvar enkelt, vanskegrada er tilpassa den enkeltes evner, vil dei oppleve å vere i flytsona og dei vil oppleve meistring.

For å kunne arbeide med dei estetiske faga på ein god måte er det ein føresetnad at personalet har ei grad av kunstfagleg kompetanse og haldningar som gjer at barna får ei positiv oppleving (Sæbø, 2011.s.37). RP11 seier at ein skal gi barn møte med alle delar av barnekulturen, det kan forståast som å gje barn møte med kunst for barn, kunst av barn og kunst med barn (Kunnskapsdepartementet, 2011.s.36).

Når ein ser det undrande, nysgjerrige og kreative barnet som utgangspunkt for arbeidet med kunst og gjev barnet gode inntrykk opnar ein for at barnet får oppdage og utforske det ukjende, for seinare å kunne gje uttrykk for desse opplevingane i kunstfaglege former (Sæbø, 2011.s.38). Når barna ser at personalet arbeider med glede, er aktive og beheld roa i situasjonen vil det også vere enklare for barn å ta del i denne gleda over aktivitetane og sjølve halde seg i aktiviteten saman med dei andre barna og dei vaksne, ein vil engasjere barna og få tak i den indre, naturlege motivasjonen som dei innehar (Fugle, 2012.s.35 & Ese, 2007.s.81) Barna blir drivne av personalet si trygghet i situasjonen og av personalet si evne til sjølve å vere kreative (Aalberg, 2006.s.35). Når dei vaksne er trygge i situasjonen, og har tenkt gjennom og planlagt aktivitetar kan det forhindre det Askland (2006.s.110) omtalar som kaosangst. Kaosangst kan oppstå når personalet føler at den aktiviteten dei held på med er ute av kontroll og ein ikkje har noko moglegheit til å få hente det inn igjen. Difor er også personalet sin kompetanse og kunnskap om emnet viktig for gjennomføring av estetiske

aktivitetar saman med barnegruppa.

I 2004 sette Anne Bumford, i samarbeid med UNESCO, IFACCA og Australian Council, i gang med den fyrste internasjonale forskinga på kunstfagleg utdanning. Ei av slutningane var at om det kunstfaglege innhaldet er av god kvalitet vil det vere utviklande og ha ei positiv effekt på andre områder. På motsett side viste forskinga også at om det kunstfagleg innhaldet var av dårleg kvalitet kunne dette vere til hinder for utvikling av kreativitet og fantasi (Bumford, 2008.s.143/144). Forskinga peika også på faktorar som tid, plass og ressursar som avgjerande for kor vellykka den kunstfaglege utdanninga var.

## 2.5 Barnehagen sitt fysiske rom

Thorbjørn Laike har skrivne ein artikkel om korleis fysisk miljø er med på å påverke barns åtferd, læring og velvere. Laike (sitert i Thorbergesen, 2007.s.22) meiner at i rom med mange forstyrrende element krev det meir energi, og ein kan opplev å bli meir psykisk sliten i visuelt krevjande rom. Om ein derimot er i rom med få element vil dette kunne verte for lite stimulerande, særleg i pedagogisk samanheng. Romma som barnehagen nyttar seg av har ofte fleire funksjonar. Eit rom på ei avdeling kan vere nytta til leik, formingsaktivitet, samling og til måltid. Det er difor viktig at romma må kunne tilpassast dei aktivitetane som til ein kvar tid føregår, samtidig som det må ha moglegheiter for å skape ro. «Det fysiske læringsmiljøet inviterer til ulike typer handlinger og fører dermed til ulike typer erfaringer» (Thorbergesen, 2007.s.26). Rommet er med på å skape rammer for dei aktivitetane som blir gjennomført, og bør bli sett på som ein del av det pedagogiske arbeidet. «Et visuelt behagelig og godt planlagt rom vil oppleves som harmonisk og godt å være i» (Thorbergesen, 2007.s.17)

### 2.5.1 Rom for leik

I leik er det ofte barna sjølve som styrer, men måten dei vaksne legg til rette for leik, gjennom leikmateriale, utkleddingskle eller bruk av rom, kan ha mykje å seie for korleis leiken utviklar seg. «Hvis personalet ønsker at barna skal utvikle kreativitet, bør de få saker og ting som kan skifte karakter og brukes i ulike typer roller og leketemaer» (Thorbergesen, 2007.s.61). Kle, utstyr og gjenstandar som blir tilført leiken av dei vaksne er med på å skape roller og god leik, men kor tilgjengeleg og korleis det blir presentert har også noko å seie for bruken. Å legge kle i ei kasse kan vere lite innbydande til leik når ein stadig må rote gjennom for å finne det ein

vil ha. Då er ulike former for synleg oppheng betre, så lenge barnehagen finn praktiske måtar å henge opp på (Thorbergson, 2007.s.64).

#### 2.5.2 Rom for kunst

Barnehagen er ein kulturarena skal både formidle og skape kultur, og med kultur tenkjer eg her på formidling av kunst, litteratur, musikk og dramatisering. «Når kunst finnes i miljøet forteller det at personalet ser på kunst som viktig og at de renger små barn som kapable til å oppleve og snakke om den» (Thorbergson,2007.s.96). Når vaksne og barn er samla i kulturbærande situasjonar gjev det stor glede og samhøyrighet der og då, samtidig som barnet får med seg gode estetiske opplevingar. I den musikalske settinga har utstyr og rom mykje påverknad i forhold til den musikalske opplevinga. Skal barn få gode erfaringar med musikk treng dei å få eksperimentere med lydklang, rytme og tone. Thorbergson (2007.s.99) nemner at i dette arbeidet kan det vere spanande å organisere mindre musikkgrupper for å skape gode situasjonar for alle deltakarane.

#### 2.5.3 Offentlege kulturtilbod

Det offentlege har også laga ei rekke tilbod som barnehagane kan nytte seg av i si kulturformidling. Dette er gjennom tiltak som Barnehagekonsertane i regi av Rikskonsertane, eller gjennom Den Kulturelle Bæremeisen (DKB)<sup>2</sup>, og i nokre tilfelle Den Kulturelle Skulesekken (DKS)<sup>3</sup>. Felles for alle tre tilboda er at dei arbeider med profesjonelle kunstutøvarar innanfor ulike kunsttypar, som er særskild lagd til rette for barn (Kulturrådet 2015; Rikskonsertane,2015; Bergen Kommune, 2010).

### 3.0 Metode

I denne delen av oppgåva skal eg ta føre meg korleis eg har samla inn datamaterialet til oppgåva. Eg vil ta føre meg det kvalitative forskingsintervjuet og deretter skrive litt om intervju som metode. Vidare vil eg gjere greie for valet av informantar, mi rolle som forskar og det etiske perspektivet på datainnsamling.

Den kvalitative metoden nyttar ofte direkte observasjon eller personlege intervju for å innhente datamaterialet. Materialet blir registrert som tekst eller taleopptak. Opptaket blir overført, transkribert, til tekst før ein føretek ei analyse av innhaldet (Befring,2015.s.39).

---

<sup>2</sup> Den kulturelle bæremeisen vil vidare omtalast som DKB

<sup>3</sup> Den kulturelle skulesekken er vidare omtalast som DKS

Kvalitativ metode er «erfaringer og opplevelser fra ulike kontekster. De kvalitative metodene vil være særlig formålstjenlige for å få innsikt i menneskers indre liv» (Befring, 2015.s.38). Den kvalitative metoden handlar difor om å få innblikk i dei kvardagslege hendingar og aktivitetar som blir gjennomført i barnehagar sett frå informantane sin ståstad, der ein tolkar og reflektera kring kva som er god praksis med relevant teori i bakhovudet.

### 3.1 Det kvalitative forskingsintervjuet

Eit hovudprinsipp er at det kvalitative forskingsintervjuet består av ein samtale mellom ein forskar som spør og ein informant som svarar (Befring,2015.s.74). Målet er å innhente informasjon frå informanten om temaet. Eg ville finne ut kva pedagogisk leiar tenkjer om eigen praksis kring bruken av dei estetiske faga i barnehagen, og metoden som passa best til dette føremålet var eit kvalitativt forskingsintervju.

Intervjuaren bør skaffe seg ei forståing av fenomen som skal undersøkast, med dette meinast at intervjuaren bør kunne ein del om området som informanten skal snakke om, slik at ein kan stille dei riktige og viktige spørsmåla (Bergsland & Jæger,2014.s.70).

Det kvalitative forskingsintervjuet blir delt inn i strukturert intervju, semistrukturert og ustrukturert intervju (Befring, 2015.s.74). Eg har nytta semistrukturert intervju og kjem difor til å legge vekt på denne typen intervju vidare, og ikkje gå nærmare inn på dei to andre typane.

#### 3.1.1 Semistrukturert intervju

Eit semistrukturert intervju har strukturerte spørsmål, men rekkjefølga på spørsmåla varierer ettersom svara frå informanten skal vere opne og frie (Befring, 2015.s.75). På førehand hadde eg laga til ein intervjuguide, med rom for spontane oppfølgingsspørsmål dersom det blei nødvendig for å få informanten til å utdjupe svaret eller følgje opp svaret frå informanten. Dette gjer at nokre av spørsmåla blei ein naturleg del av samtalen slik den utvikla seg. Grunnen til at eg valde denne forma for intervju var at eg då ville ha moglegheit til å få informanten til å djupe ut informasjon eg meinte kunne vere verdifull for oppgåva samtidig som intervjuar ville ha ein klar struktur med om lag like spørsmål.

For å få kontakt med informantar som var villege til å bli intervjuar sende eg ut ein e-post til styrarane i dei aktuelle barnehagane. I e-posten stilte eg spørsmål om dei kunne kontakte meg dersom dei hadde nokre pedagogiske leiarar som var interessert i å bli intervjuar samt informasjon om oppgåva og bruk av informasjonen frå informantane (Vedlegg 1). Etter eg hadde fått kontakt med informantane mine sende eg ut eit eige informasjonsskriv med meir utfyllande informasjon om tema for oppgåva og kva oppgåve eg skriv, kva som skjer med datamaterialet og krav om anonymitet (Vedlegg 2). Dette skrivet fungerte også som samtykkeskjema for å vise at dei har forstått informasjonen. Forståinga blei bekrefta gjennom informanten si underskrift (Dalland, 2012.s.166). Informasjonsskrivet var basert på malen etter Befring (2015.s.84).

Ein intervjuguide er meint som eit reiskap som skal leie deg gjennom intervjuet og er ei hjelp i å hugse dei ulike tema som skal takast opp (Dalland, 2012.s.167). Vidare seier Dalland (2012.s.167) at i ein intervjuguide bør ein starte med faktaorienterte spørsmål, og skape tillit hos informanten, før ein byrjar å samtale seg inn på tema for oppgåva. Dalland meiner også at ein skal presentere tema og la informanten snakke, og heller stille utdjupande spørsmål som oppfølging til det informanten seier.

Eg har difor basert min intervjuguide på desse punkta, og har sjølv utarbeida spørsmåla eg vil stille til informantane (Vedlegg 3). Eg har testa ut spørsmåla på ein kjenning innan barnehagesektoren for å få eit så godt grunnlag som mogleg, og fått tilbakemelding på relevans på spørsmåla og gjort endringar i forhold til desse.

### 3.2 Gjennomføring av intervju og transkripsjon

Begge intervjuar blei tatt opp på ein handheldt lydopptakar, av merket Olympus vn-405pc, fordi eg meinte det ville vere til god støtte under transkripsjon i etterkant. Begge dei to intervjuar varte kring 30 minutt, og eg arbeidde tett mot den originale teksten. Eg valde å skrive transkripsjonen på standardisert nynorsk og å ta vekk fyllord, som «øh», «mm», «eh» og liknande, der dette ikkje hadde noko å seie for forståinga av innhaldet. Dette var for å lette arbeidet under analyse- og drøftingsdelen av oppgåva og for å gjere det lettare å lese transkripsjonane.

Etter eg var komen i gang med analyse av data såg eg at eg trengde noko meir informasjon frå informantane, og eg sende difor ein e-post med to spørsmål til begge informantane.

Spørsmåla lyd som følger:



1) Når de planlegg for estetiske aktivitetar, korleis og kva er det som blir vektlagt når de vel ut aktivitetar?

2) Kva tenkjer du prestasjon, og eventuelt prestasjonsangst, har å seie for utvikling av barna si naturlege estetiske uttrykksmåte? Korleis kan personalet vere med på å førebygge eller underbyggje prestasjonsangst?

### 3.3 Informantane

I studien min har eg intervjuet 2 pedagogiske leiarar i to forskjellige barnehagar, for å få grundige intervju med dei informantane. I følge Dalland (2012.s.165) kan ein få mykje stoff til ei oppgåve gjennom berre eit, to eller tre intervju dersom samtalen er god. Eg har hatt mitt fokus på den pedagogiske leiaren sitt arbeid med dei estetiske faga, og korleis dei legg opp til bruk av dei estetiske faga i barnehagekvardagen og i samling. På førehand hadde dei fått utsendt samtykkeskjema som dei skulle lese gjennom, men spørsmåla eg skulle stille i intervjuet hadde dei ikkje sett. Dette var eit bevisst val frå mi side, då eg heller ville at informantane skulle seie det dei tenkte på der og då, og ikkje komme med planlagde svar på spørsmåla.

#### 3.3.1. Informasjon om informantane

Namna på informantar og barnehagar er fiktive, med omsyn til informantane sin anonymitet.

Når eg referera til begge vil eg bruke omgrepet informantane.

#### **Anne, pedagogisk leiar på førskulegruppe i Tretoppen barnehage.**

Anne er 43 år gammal og har arbeidd 17 år i Tretoppen barnehage, som er ein privat barnehage. Anne har førskulelæruddanning, og har tatt 30 studiepoeng som vidareutdanning innan estetiske fag. Tidlegare arbeidde ho på aldersblanda avdeling, 0-4år, men sidan barnehagen gjekk over til aldersdeling arbeider ho no med førskulegruppa. Denne gruppa består av 14 barn, ein pedagog og ein assistent.

#### **Susanne, pedagogisk leiar og førskulelærer på 0 – 3 årsavdeling i Bakketoppen barnehage.**

Susanne er 38 år gammal og har arbeidd i tre år i Bakketoppen barnehage, som er ein kommunal barnehage med fagleg profil som natur- og kulturbarnehage. Susanne har førskulelæruddanning med fordjuping i kunstfag og var ferdigutdanna i 2013. Sidan det har

ho arbeidd i 40% stilling som pedagogisk leiar og 40% som førskulelærer. Fyrste året i barnehage arbeidde ho med 4-årsavdeling og dei to følgjande åra har ho vore på 0-3 års avdeling. Dette året har dei seks barn på avdelinga og tre vaksne.

## 4.0 Presentasjon av empiri

I denne delen av oppgåva vil eg presentere det datamaterialet som eg har samla inn gjennom intervju. Eg har vald meg ut 2 hovudelement som informantane snakka om i intervjuet som eg vil legge vekt på. Desse elementa er; 1) Kvifor legge til rette for estetiske fag?, og 2) Korleis planlegge og legge til rette for estetiske opplevingar?

### 4.1 Kvifor legge til rette for estetiske fag?

Ein sentral tanke med denne oppgåva er å finne ut kva pedagogar tenkjer om eigen bruk av estetiske fag og musikk saman med barna i barnehagen og korleis ein best kan legge opp planar og aktivitetar for å sikre barns utvikling på desse områda, men også kva utviklinga innan estetiske fag og musikk har å seie for læring på andre områder.

Begge informantane meiner at dei estetiske faga her ein stor plass i barnehagen sin kvardag, og er med på å legge grunnlag for seinare utvikling innanfor fleire områder. På spørsmål om utvikling av barns kompetanse gjennom dei estetiske faga svarte Susanne «det er kjempeviktig. Det er ein del av grunnen til at vi driv med det og, ikkje berre fordi vi er glad i musikk og kunst, men det er ein av grunnane til at vi jobbar med det». Susanne nemner særskild språk, leik med ord, lydherming og rytme, som grunn til å arbeide med musikk. På same spørsmålet seier Anne at for dei forsiktige barna skal ein skape tryggleik i dei sosiale situasjonane som desse aktivitetane skapar. Det handlar om å «pushe» dei litt, samtidig som personalet må vere der med dei eller vere i nærleiken for å støtte barnet.

Susanne si avdeling er småbarnsavdeling, og ho påpeikar at det som er enklast å ta fram saman med barna ved sidan av teiknesaker er måling og tusj. Susanne nemner også at dei minste barna får opplevingar gjennom sansane og «fordi der er så små er det viktig at dei får prøve forskjellige ting. Og ikkje berre ein gang, men å få prøve det fleire gongar». Avdelinga brukar både drama, dans, musikk og forming, men i forskjellige former og settingar.

#### 4.2. Korleis planlegge og legge til rette for bruk av estetiske fag?

Barnehagen til Anne har estetiske fag som eit eige satsingsområde dette året, og tenkjer å dra dei andre fagområda eller tema som dei jobbar med inn gjennom estetiske fag. Dei nyttar forming, musikk, drama og dans, og knyt dette inn mot tema. Aktivitetane som dei gjennomføre vel dei ut i frå forskjellige kriterier; det skal vere lystprega for barna, og dei skal klare mest mogleg sjølv, produkta skal vere eit barneprodukt og ikkje eit vaksenprodukt. Ein del aktivitetar blir vald ut frå kva materiell og ressursar som er tilgjengeleg, som kva styrker personalet har eller få inn nokon frå nærmiljøet. Dei vel også aktivitet ut frå kva Rp11 seier om tema, men for å legge best mogleg til rette for sine barn gjer dei individuelle endringar som passar barnegruppa og barnehagen si tilnærming til faget.

Til dømes arbeidar dei no med temaet haust, der dei har vore på turar og samla inn naturmaterialar til formingsaktivitet, og har eit ynskje om at dei no skal få la materialet ligge framme slik at barna kan finne på meir sjølv. Barnehagen brukar også Hakkebakkeskogen, der barna har valt ut songar og laga ei lita teateroppsetting som dei skal syne på Haustfesten til barnehagen. At barna får vere med å ta vala er viktig for Anne. Ho seier det at «når barna får vere med, får dei også eit eigarforhold til det dei gjer». Anne føler at barna må få vite at dei har val, og må få bli presentert for dei vala dei kan ta og bli vande med at dei kan få lov til å velje noko dei vil. Ho seier også at dette er noko barnehagen no jobbar med, fordi dei ser at når barna blir stilt ovanfor val så blir dei veldig usikre, og då må dei få tid og inspirasjon til å ta det valet som dei vil. Barnehagen legg vekt på at det er skapingsprosessen som skal ha fokuset, ikkje nødvendigvis resultatet. Dei ynskjer at aktivitetane dei vel ut skal vere morosamt for det aktuelle barnet samt skape samhald i gruppa.

Susanne seier dei vel ut aktivitetar ut i frå årstid og høgtider, kva fagområde barnehagen arbeider med, barna sine interesser og meistring hjå barna. I tillegg ser ein ann personale og barnegruppa den aktuelle dagen og gjer individuelle tilpassingar i innhaldet i aktivitetane. Det viktigaste for Susanne er at ein brukar god tid i dei kreative prosessane slik desse får utvikle seg, og barna får bli trygge på aktivitetane.

Avdelinga til Susanne har samlingsstuder kvar dag før lunsj der dei nyttar musikk, ofte song og gitar, saman med barna. Avdelinga brukar også musikk som stemningsskapar til dømes som bakgrunnsmusikk i andre aktivitetar. Susanne seier også «det er mykje ein skulle, kunne, burde jobbe med, som ein ofte kanskje ikkje rekk». Susanne seier vidare at som

barnehagelærer må ein «sjå dei moglegheiter musikk og barnsongar og alt sånt har». Saman med dei minste er det viktig å byrje i det små, og tenkje veldig enkelt, og ein må sjå dei situasjonane som byr seg. Det er ikkje alltid barna er aktive inne i samlingsstundene, men Susanne ser at barna brukar dei same songane i frileiken og uteleiken. «det gjeld å ta tak i dei augeblikka for det er ikkje alt som nødvendigvis planleggast som er best».

Om dans og drama meiner Susanne at dei brukar det for lite. Og det har med kor trygg personalet er på eigne ferdigheiter og det er «ein av dei tinga du må vektlegge og planlegge litt før det kjem». Ho meiner bruken av desse faga er heller i større samanhengar som fellessamlingar eller å bruke dukketeater. Ho synest det viktigaste er at barna får erfaringar med noko nytt, men at det også er viktig å sjå bruken i ein samanheng. Susanne nemner «ein må lage eit slags opplegg eller ha ein visjon med kva ein driv med». Om ein ikkje har ein visjon så blir det heller ikkje eit bra opplegg for læring.

Susanne meiner også at barnehagen har ei plikt til å la barna få kjennskap til fleire sjangrar av musikk, og då særleg musikk som barna ikkje er vand med frå heimen. Barnehagen brukar difor alt frå barnesongar til klassisk musikk, frå Odd Nordstoga til «What does the Fox Say», for å utfylle si rolle som kulturarena. Anne seier også det same, at dei brukar alt frå barnesongar til pop, men ho kommentera også at dei brukar minst klassisk musikk. Barnehagen har nyleg kjøpt inn iPod slik at det skal bli enklare å kunne finne og setje på musikk saman med barna.

#### 4.2.1 Bruk av rom og bruk av personale

I forhold til å skulle legge til rette for bruk av estetiske fag og musikk er det fleire ting som spelar inn på kor godt ein kan legge til rette. Dette går på bruk av rom, bruk av planar, tidsaspekt og korleis barnehagen oppbevarer utkledningskle, formingsmaterialar og instrument til å kunne gjennomføre estetiske aktivitetar saman med barna i barnegruppa. Eit anna aspekt som eg vil vite noko om er korleis dei to informantane ser på korleis dei sjølve og andre i personalgruppa jobbar, og kva personalet sin kompetanse og ferdigheiter har å seie for formidling av kunst og musikk til barna i barnehagen. Begge informantane eg snakka med hadde sjølve fordjuping eller vidareutdanning innanfor estetiske fag, medan det ikkje var nokon andre i personalgruppa på det tidspunktet som hadde noko slik utdanning.

Begge informantane seier at musikkinstrument blir ikkje oppbevart på avdelinga, men er plassert på lager, bak låst dører. Utkledningskle og formingsmaterialar er meir i bruk og er plassert på avdeling. Susanne seier at dette ligg tilgjengeleg «for å fremme rolleleik».

Begge nemner at størstedelen av instrumenta er felles for heile barnehagen, og noko som berre tilhøyrar den aktuelle avdelinga. Personalet i Bakketoppen barnehage har også tatt med instrument frå sine eigne heimar for å spe på det vesle dei har. Personalet i Tretoppen barnehage har tatt i bruk barna sine foreldre, der dei har spurt om foreldre ville komme inn og spele litt for barna, i dei aller fleste tilfelle får dei ja. Bakketoppen nyttar inste-garderobe til å gjennomføre samlingar, her har dei laga til med putetre på veggen, der barna får kvar si pute og sitte på under samlinga. Vidare brukar dei mykje avdelinga til formings og har radio/CD på avdelinga som dei høyrer på. Barnehagen har også eit eige atelier som er felles for heile barnehagen. Her kan ein halde på med formingsaktivitetar samt dette er området som blir nytta når barnehagen har fellessamlingar. Tretoppen brukar avdelinga til å ha sine samlingar, og meiner sjølv at det er trangt. Barnehagen har ingen særskilde rom som blir nytta til aktivitetar. Forming, samlingar og anna aktivitet blir gjort inne på avdelinga.

Susanne snakkar også om klokka, «gjennom dagen blir det mykje klokke, det er mykje å ta omsyn til i kvardagen for å få puslespelet til å gå opp dagleg». Det er flest på jobb midt på dag men det er også då det rutinemessige tinga som skjer der ein ideelt kunne halde på med andre ting, det er då pauseavvikling skjer, barna skal ha mat, nokre av barna søv. Susanne følgjer opp med «vi må sjå moglegheitene som byr seg utanom desse tidene. Eg hadde ei malestund med to barn klokka fem på fire. Eg veit barna snart blir henta, men om vi får fem minutt eller eit kvarter så kan vi klare og kose oss på den tida».

Susanne nemner at «sjølv om eg har gått kunstfag betyr ikkje det at eg er verdsmeister i det. Ein har veldig mykje å lære av folk som har arbeidd lenger». Personalet som har arbeidd lenge har opparbeida seg eit lager av aktivitetar som dei brukar saman med barnegruppa, og å få innsyn i desse og seinare kunne nytte desse aktivitetane sjølve ser ho på som eit pluss.

Anne ser på formidling av kunst og musikk som lagarbeid. På dei områda som ho sjølv ikkje er så veldig sterk på har barnehagen andre som dei flittig nyttar, på tvers av avdelingane. Til dømes i forhold til dans så har barnehagen ein i personalet som er veldig flink som blir nytta av alle avdelingane, der Anne sjølv likar betre drama eller musikk.

Ein god indikator på korleis arbeidet går er jo å sjå på kor aktive barna er i aktivitetane. Ho ser at for å legge til rette for gode estetiske opplevingar må ein også planlegge korleis ein brukar personalressursen best mogleg. Ho meiner dei som har størst interesse for fagområdet «Kunst, kultur og kreativitet» får ansvar for mesteparten av desse aktivitetane. Dei som ikkje har så stor interesse eller som tykkjer det er skummelt får enklare oppgåver som dei utfører.

Anne meiner vidare at «det er kjekt om nokon kan å spele eit instrument, men det er ikkje avgjerande for formidlinga. Det er viktigare at ein tør». Susanne derimot meiner at musikalske ferdigheter har ganske mykje å seie for musikkformidling i barnehagen. Ho seier at «du skal like det du driv med og du skal kunne det... Du må senke forventningane til deg sjølv. Barna har ikkje nødvendigvis så veldig høge forventingar til kva dei skal oppleve, dei tykkjer det er spanande med noko nytt». Men sjølv om ho ser at ferdigheter spelar ei rolle, er det ikkje at ein ikkje skal delta i desse aktivitetane med barna, men ein må ha litt kunnskapar om til dømes rytmikk og melodi for å kunne arbeide og formidle musikk på ein god måte eller litt om forskjellige teknikkar for arbeid innan formgivingsfag.

#### 4.2.2 Prestasjon og prestasjonsangst

Anne ser viktigheita av å skape ein kultur som gjer at barna er nøgde med eigen innsats. Det å fremje enkeltbarnet ved å la barnet vise og fortelje om sitt produkt eller at ein vaksne kan fortelje om barnet ikkje vil. Når personalet og barna undrar seg saman kan ein få til gode samtalar kring det som blir laga og ein viser at barna sin kunst er viktig. Skal barna lære teknikk, som er eit mål i RP11, meiner Anne dei vaksne må gå inn og teikne eller måle saman med barna. Ho ser ofte det er nok at personalet berre er med i starten, og barna sjølve avsluttar.

Anne nemner også viktigheita av at barna får vere med på sine egne premissar. Barnehagen hennar har framvisingar, til jul og på haustfest, med dramatisering og synging. Barna får i hovudsak velje kva dei vil gjere, men ofte må dei trekke lapp sidan mange vil gjere det same. Om ein ser at nokon føler seg utrygg eller gruar seg, snakkar dei med barnet og finn ut kva som kan gjere at dette barnet føler seg komfortabel. Ofte kan det vere å stå saman med ein vaksne eller eit anna barn som gjev barnet tryggleik, eller det kan vere å arbeide i mindre grupper for dei som ikkje likar å stå i fokus.

Anne seier at dei ser barna er flinke til å støtte og rose kvarandre når dei meistrar noko nytt. Ros er viktig, særleg når ein ser barna får til noko dei ikkje har klart tidlegare. Personalet må vere saman med barna og vere engasjert saman med dei og by på seg sjølv. Det er viktig å forstå kjenslene til barna, at dei kan vere engstelege for å stå framfor andre og framføre, men ein må då finne gode måtar å inkludere dei på utan at dei føler alle ser på dei. Personalet må oppmode, støtte og ikkje minst rose når ein ser at barna mestrar noko dei ikkje fekk til før. Ein kan godt vere føre var, og forklare dei engstelege barna kva som skal skje før ein fortel det til heile gruppa.

Susanne har same tankane om dette tema, men saman med dei minste barna føler ho at ein ikkje kan bruke omgrepet prestasjonsangst. Med dei minste handlar det heller om at barna får gjere seg erfaringar og bli kjende med dei ulike formene for kunst, og å støtte barna i si læring. Susanne nemner også dei vaksne si rolle, og at dei vaksne må gå føre som gode eksempel, dei må ha fokus på prosessen og ikkje resultatet, og ein kan ikkje presse barna til å gjennomføre ein aktivitet om dei ikkje vil. Det ho meiner er viktig å gjere er å vere støttande, oppmuntre og gje barna positive tilbakemeldingar når dei gjer noko godt.

#### 4.2.3 Offentlege kulturtilbod


Tretoppen er ein privat barnehage, og Anne seier dei ikkje har fått dei same tilboda frå kommunen angående kulturelle tilbod som DKB. For å få dette har barnehagen måtta kjempa litt, og dei ser at det har blitt betre i dei siste åra. Barnehagen har derimot hatt ein del foreldre som har vore inne og dramatisert eller hatt musikalsk framsyning for barna. Anne meiner også at «det er viktig å få inntrykk for å skape inntrykk», og er det noko kulturelle hendingar i nærleiken prøver dei å få det med seg som teater, kunstutstillingar eller å stille ut eigen kunst i barnehagen.

Susanne seier at i Bakketoppen, som er ein kommunal barnehage, har der vore fleire framsyningar som barnehagen har fått tilgang til dette året. På hennar avdeling har det vore to framsyningar, ei frå Rikskonsertane og ei frå DKB, medan dei eldre barna også får invitasjonar frå skulen om å vere med på framsyningar i regi av DKS. Susanne meiner desse framsyningane er veldig gode, og at det gjev barna noko ekstra i forhold til krava om å gi barna kulturelle opplevingar og la barna bli kjende med ulike kunstuttrykk.

## 5.0 Drøfting av analysedelen

Eg vil i dette kapitlet av oppgåva drøfte resultatata i empirien opp mot teoridelen av denne oppgåva. Figuren under viser samanhengen mellom teori, praksis og konteksten praksisen føregår i, og det er samanhengen mellom desse tre punkta eg vil drøfte i denne oppgåva.

Figur 1: Samanheng mellom teori, praksis og praksiskontekst.



Eg har igjen valt å dele drøftingsdelen i to hovudpunkt. Desse er 1) Kvifor legge til rette for estetiske fag? 2) Korleis planlegge og legge til rette for estetiske fag?

### 5.1 Kvifor legge til rette for estetiske fag?

Begge informantane er einige om at estetiske fag har ein stor og viktig plass i barnehagekvardagen, og det er også knytt til det læringspotensialet som ligg i fagområdet. Dei estetiske faga gjev barna estetiske opplevingar, som er med på å stimulere sansane, som igjen fører til utvikling og læring (Sæbø, 2010.s.17). Informantane nemner både språkleg og sosiale utviklingsmoglegheiter, men dei ser også at der er mange fleire områder som dei estetiske faga er med på å utvikle, og at gjennom å bruke dei estetiske faga kan ein få utvikling på fleire andre områder. I følgje Dunn (sitert i Brendeland, 2009.s.44) lærer barn på ulike måtar, og for å sikre at alle barn får god oppfølging og læring må barnehagelærarane gje barna erfaringar og opplevingar for alle sansane.

Susanne nemner også at for at dei minste barna skal få gode estetiske opplevingar og få moglegheiter til å utvikle seg krev det at dei får prøve aktivitetane fleire gongar, slik dei blir kjende med situasjonen og med arbeidsmåten. Sæther & Hagen (2013.s.435) skriv at når ein ser barna sine uttrykk kan ein trekke dei med inn i dei formelle læresituasjonane, barna sine uttrykk er ofte spontane og fysiske, og skjer som ein reaksjon på inntrykk barna har fått. Når barna får prøve ut nye og spanande aktivitetar vil dei få nye inntrykk, og nye inntrykk set i



gang fantasien til barna og er med på å skape eit uttrykk, anten gjennom leik, musikk eller teikningar. Som Sæbø (2010.s.38), meiner informantane at om ein tek utgangspunkt i barnet og lar barnet få utforske kunsten sine uttrykksformer kan ein skape gode opplevingar gjennom kunst og musikk.

## 5.2 Korleis planlegge og legge til rette for bruk av estetiske fag?

Barnehagen skal vere eit tillegg til dei estetiske erfaringane barn gjer seg i heimen og har difor som oppgåve å gje barna varierte og allsidige møter med estetikken. Dette kan barnehagen gjere gjennom å aktivt velje ut kva kunst barna får opplevingar med (Carlsen & Samuelsen, 1988.s.16).

Dei to barnehagane seier dei vel ut aktivitetar på omtrent same måte. Dette er gjennom mål i RP11, tema og fagområde som ein arbeidar med, årstid og høgtider, barna si interesse og meistring, materiell og ressursar barnehagen har tilgjengeleg, og kva barne- og personalgruppe som er tilstade den aktuelle dagen og personalet sine styrker. For Susanne er det også viktig å sjå at barna får tid til å vere i aktivitet, la barna bli trygge og få rom til å utvikle seg. Anne nemner også at dei ynskje produkta skal vere mest mogleg barneprodukt og at aktivitetane er lystprega samtidig som dei skal vere med på å fremje samhald i gruppa og auke barna sin sosiale kompetanse. Ho ynskjer også at barna skal oppleve at dei har moglegheit til å velje. Når barna er med å bestemmer får dei eit sterkare eigarforhold til aktiviteten og produktet. Måten desse to barnehagane vel ut aktivitetar som dei vil gjennomføre verkar å gi barna allsidige erfaringar med faga innan estetiske fag, og som det står i RP11 (Kunnskapsdepartementet,2011.s.42) så verkar det å vere opplevingane av kunst og kultur som er fokus i arbeidet.

Begge informantane ser kor viktig det er å velje ut forskjellige typar musikk som barna får høyre. Begge seier dei brukar all type musikk, frå barnesongar til nyare poplåtar. Anne meiner også at den sjangeren hennar avdeling brukar minst er klassisk musikk. Det er viktig å kunne ta vare på barna sin eigen kultur gjennom barnesongtradisjon, men samtidig let barna få inspirasjon til å utvikle barnekultur gjennom å få opplevingar med samtidsmusikk og andre typar musikk må barna også få innblikk i samtidsmusikken og andre typar sjangrar. I RP11 står det at gjennom eigne opplevingar er barna med å skape sin eigen kultur, barnekulturen (Kunnskapsdepartementet,2011.s.36).

### 5.2.1 Bruk av rom og bruk av personale

Korleis pedagogane planlegg å bruke rom og å bruke personalet er avgjerande for kva grad av suksess aktivitetane vil ha. Dette går godt overeins med det Carlsen & Samuelsen (1988, 2.16) meiner om at forsvarleg planlegging og profesjonell bruk av personalet vil gi gode føresetnadar for varierte estetiske opplevingar som fører til utvikling hos barna.

Begge informantane meiner det er mykje dei tilsette kan lære av kvarandre, og at for å nå måla må ein arbeide saman. Men er det slik at alt barnehagane gjer har god kvalitet? Om ein ser forskinga til Bumford (2008.s.143/144) så er det nettopp ikkje det. Den kunstfaglege kvaliteten er med på å bestemme om aktivitetane pedagogane utfører med barna er med på å utvikle eller hemme fantasi og kreativitet. Der Susanne meiner at alle tilsette bør få prøve seg i ulike roller meiner Anne at det er dei med særskild interesse for kunstfaga og musikk som bør ha hovudansvaret for desse oppgåvene. Kvaliteten er ikkje nødvendigvis sikra gjennom å nytte dei som har størst interesse for faga, men som Fugle (2012.s.35) og Ese (2007.s.81) seier; det er enklare å motivere barna når dei vaksne sjølve er engasjerte, og engasjement kjem ikkje utan glede og interesse. I tillegg er det eit poeng at personale som viser interesse også kanskje er dei som viser tryggleik i situasjonen. I følgje Angelo (2011.s.35) er tryggleik ei av drivkreftene i barna. Når barna opplev å vere trygge vil dei også vere aktive i aktivitetane.

Anne ser på formidling av kunst og musikk som lagarbeid. På dei områda som ho sjølv ikkje er så veldig sterk på har barnehagen andre som dei flittig nyttar, på tvers av avdelingane. Til dømes i forhold til dans så har barnehagen ein i personalet som er veldig flink som blir nytta av alle avdelingane, der Anne sjølv likar betre drama eller musikk. Dei to informantane hadde varierte syn på kva kunstnariske og musikalske ferdigheiter har å seie for formidlinga. Anne meiner det ikkje er ferdigheiter som er avgjerande for formidlinga, medan Susanne på den andre sida meiner ferdigheiter spelar ei større rolle. Susanne nemner spesielt at skal barna få utvikle seg krev det at dei tilsette har kunnskapar om teknikkar i kunstfaga og om dei musikalske grunnelementa. Susanne sine meiningar går godt overeins med det Sæbø (2011.s.37) skriv som føresetnadar for at personalet skal gje barna positive opplevingar med dei estetiske faga.

Småbarnsavdelinga i Bakketoppen barnehage brukar å ha samlingsstund kvar dag etter utetida, og dei samlar seg i inner-garderoben på avdelinga. I denne samlinga nyttar dei

musikk, ofte song og gitar. Vidare brukar dei mykje avdelinga til å gjennomføre formingsaktivitetar, dans og leik. Bakketoppen har eige atelier som kan nyttast dersom det er behov for det, og dei gjennomfører fellessamling for heile barnehagen i dette rommet. Tretoppen Barnehage har mindre rom, og meiner sjølv det er trangt. Dei har ingen ekstra rom som kan nyttast, og må difor ha samlingar, formingsaktivitetar med meir på eiga eller andre si avdeling. Sidan rommet skaper rammer for aktivitetane er det også viktig å sjå rommet i ein samanheng. Avdelinga til Anne har lite rom, då er det viktig at dei tenkjer over korleis dei brukar rommet, og korleis dei kan tilpasse rommet sin bruk på ein slik måte at det skapar ro til å gjennomføre aktivitetar (Thorbergsen,2007.s.26).

Begge informantane seier at dei oppbevara utkleddingskle og formingsmateriell lett tilgjengeleg slik at dei raskt kan takast fram dersom om ser eit behov for det. Susanne seier dei har mesteparten av kleda liggande i ei kasse på avdelinga, og litt liggande på eit lager. I følge Thorbergsen (2007.s.61) kan utbytting av kle vere ein måte å tilføre leik nye element. Vidare meiner ho at kle og utstyr må bli oppbevart på ein måte som gjer at dei verkar innbydande og nytte seg av. Som i tilfelle over meiner Thorbergsen (2007.s.61) det høvelege ville vere å henge opp kle i barna si høgde. Anne nemner at sidan hennar barnehage har haust som temaområde vil dei ha framme ein del materialer knytt til tema som barnehagen har plukka med frå skogstur, og la barna få bruke desse i skapande aktivitetar. At slike materiale ligg framme er med på å gi formingsfaga merksemd. Thorbergsen (2007.s.96) fortel at når barna får sjå kunst i sitt miljø fortel det dei at personalet ser på det som viktig.

Begge informantane nemner at barnehage har ein god del felles instrument som ikkje oppbevart på avdelingane, og det er heller ikkje moglegheit for barna å kunne hente fram instrumenta utan at ein vaksen følger dei. Det problematiske med dette er at desse handlingane er med på å underbygge tanken om at barnas bruk av musikk ikkje er enkel å få til i barnehagen, sjølv om musikken har så mykje å gje barna. I musikk så er musikalske opplevingar det same som musikalsk erfaring. Thorbergsen (2007.s.96) meiner oppbevaring av utstyr viser forholdet til den musikalske opplevinga. Når instrument blir oppbevart borte frå barnegruppa viser det at barnas eigen musikalske uttrykksform blir prioritert vekk til fordel for andre aktivitetar, og barna får ikkje gjort seg kjende med den musikalske uttrykksforma i same grad som gjennom dei organiserte stundene. Når barna ikkje får tilgang til instrument vil barna heller ikkje tilgang til skapande leik der dei kan eksperimentere, fantasere og skape eigen musikk. Når barna ikkje har tilgang til instrument på avdeling i

leikesituasjonar er det viktig å skape gode arenaar der barna får utforske og skaffe seg erfaringar med musikk gjennom dei organiserte aktivitetane som barnehagen gjennomfører, og sørge for at desse aktivitetane er av god kvalitet.

#### 5.2.2 Prestasjon og prestasjonsangst

I ein kultur der barn kan oppleve press for å prestere er det viktig at barnehagen skapar ein motkultur, der barna får lære å vere nøgd med eigen innsats. Carlsen & Samuelson (1988.s.20) nemner at barnehagen må la dei estetiske faga få vere ei oppleving i seg sjølv for å gi dei større eigenverdi.

Susanne tenkjer at med dei minste barna vil ho ikkje nytte omgrepet prestasjonsangst, med dei handlar det om å få skape seg erfaringar og støtte barna i si læring. Barna må få vere med i aktivitetane på eigne premissar, og dei vaksne i barnehagen må finne metodar som passar for det individuelle barnet. Som Van der Kolk (sitert i Fugle, 2012.s.31) nemner kan kreative aktivitetar vere eit område for at barna opplever meining og glede, dersom aktivitetane blir lagt til rette for at kvart einskild barn får tilgang til aktivitetane og ein lar samhandlinga og den estetiske opplevinga stå i fokus.

I følge Ese(2007.s.78) kan kjensla av å måtte prestere med på å utvikle eller avvikle barna sin naturlege trong til å uttrykke seg gjennom musikk og kunst. I intervjuet seier Anne personalet har ei viktig rolle i arbeidet for å motverke prestasjonsangst. At personalet skal kunne setje seg ned saman med barna, snakke og vise fram enkeltbarn sine produkt og få til gode samtalar om dette handlar også om at barna får eigarforhold til eigne kunstnariske ferdigheiter. Personalet må også kunne snakke med enkeltbarn om kva som får barnet til å føle seg ukomfortabel før ei framvising, og vite korleis ein best mogleg kan hjelpe dei inn i det Csikszentmihalyi (Skogen, 2013.s.35) kallar flytsona, det området barnet opplever meistring. Anne kommenterer viktigheita av ros. Barna treng å bli oppmuntra og få støtte når dei meistrar noko nytt. Som Bandura (sitert i Manger et al, 2009.s.258) seier; når barna lukkast med ei oppgåva skaper det forventningar om meistring når barna står ovanfor nye oppgåver.

#### 5.2.3 Offentlege kulturtilbod

Begge barnehagane får tilbod frå det offentlege om å vere med på tiltak som Barnehagekonsertane, DKB eller DKS. At barna skal få møte og oppleve kunst og kultur som

er tilpassa deira alder og utvikling er også eit av måla frå RP11. At vi har eit slikt offentleg tilbod som går ut til barnehagane seier noko om synet på barn og kor viktig det er at barna får gode estetiske opplevingar. Slike framsyningar kan gjerast gjennom mange forskjellige kunstformer som er med på å gi barna kunnskapar og moglegheiter til å skaffe seg nye sanslege opplevingar. RP11 seier at barna skal få moglegheiter til å oppleve, sans og eksperimentere gjennom alle forskjellige kunstformer, og for å få til dette må barna få inntrykk slik dei sjølve kan skape uttrykk (Kunnskapsdepartementet, 2011.s.43).

Kring desse tilboda, og særleg DKS, har det oppstått offentlege debattar. Debattane gjeld kva verdi framsyningane egentleg har, og om det er slik at berre profesjonelle aktørar kan lage kvalitetskunst for barn. Dei offentlege tilboda skal legge til rette for at barn i heile landet skal få tilgang til god kunst og kultur, og skal gjennom formidling av dette bidra til kulturell, kunstnarisk og intellektuell utvikling og danning, samt sosial utjamning og lokal identitet (Breivik & Christophersen, 2013.s.90). Så mange ser verdien som desse tilboda gjev, men er dei gode nok til å kunne formidle alt dette?

Kravet om kvalitet blir gjentatt både skriftleg og munnleg for å grunne og forklare verksemda, men omgrepet er i liten grad presisert i nokre av styringsdokumenta (Breivik & Christophersen, 2013.s.182). Vurdering av kvalitet blir difor overlatt til dei som forvaltar ordninga, og tilbakemeldingane dei får frå publikum etter framsyningane. For å vidareutvikle god kvalitet på framsyningane er det også viktig å få med seg aktørane sine erfaringar, og sjå dei som ein viktig samarbeidspartnar. Dei store, profesjonelle aktørane gjev ofte gode kunsttilbod til barnehagane, men også å nytte seg av lokale aktørar som har ei lokal forankring ser eg på som verdifult. Når tilboda nemner at dei skal vere med å støtte utvikling av ein lokal identitet er det også viktig å gje erfaringar med kunst og aktørar som finst i lokalsamfunna og la barna bli kjende med desse.

Om tilboda brukast på måten dei er tiltenkt, å gje barna allsidige og gode møter med kunst og estetikk vil dei ha god sjanse for å bli ført vidare. Tanken er at barnehage og skule skal få tilført noko nytt og spanande, og det kan ein greie om ein får inn gode, profesjonelle aktørar som lagar kunst av kvalitet, og at ein ikkje til stadigheit tek inn dei same aktørane. Om ein skal la barna få nye inntrykk må ein få inn nye aktørar og nye produksjonar som skaper nye inntrykk hos barna. I nokre tilfelle har ein barnehagar og skular som tek inn dei same aktørane år etter år, og i lengda vil dette bli keisamt.

## 6.0 Truverd av data

Vurdering av data i kvalitativ forskning handlar om å undersøke om forskinga er truverdig og «forskeren skal bevise for leseren at funnene er troverdige og konsistent med datamaterialet som ble samlet inn» (Nilssen, 2012.s.141). For å gjere dette må ein sjå på faktorar som reliabilitet og validitet, kor nøyaktige og kor gyldige funna er (Befring, 2015.s.51/53). Forskaren si rolle er å vere kritisk og objektiv, men i den kvalitative metoden er det forskaren sjølv som er i interaksjon med informantane, og validitetsspørsmålet vil då ofte gjelde omfanget av det Befring (2015.s.54) omtalar som «researcher bias». I dette omgrepet ligg det at dei forventningar og den forut-forståinga forskaren har kan påverke objektiviteten og validiteten av datamaterialet.

Reliabilitet, pålitelegheita til funna, er knytt til om det er openbare feil eller manglar ved datamateriale. Befring (2015.s.42) nemner to måtar slike feilfaktorar kan førekomme, tilsikta feil og utilsikta feil. Dei tilsikta feila gjeld når forskaren vitande trekk konklusjonar som ikkje er støtta i datamaterialet, og som ikkje er vitenskapleg grunna. Dei utilsikta feila gjer seg gjeldande gjennom kompetanse i den gjeldande metoden. I intervjusituasjon krev det mykje av både forskaren og informantane, då forskaren skal vere så objektiv som mogleg, ikkje favorisere svar eller bli for påverka av personleg tolking av informantane. Informanten skal også ha ei pålitelig evne til *introspeksjon*, å kunne vurdere eigne opplevingar og tankar, samt å kunne formidle eigenvurderingane på ein tilfredsstillande måte (Befring, 2015.s.46).

### 6.1 Moglege feilkjelder i intervju

Sidan eg sjølv har laga til spørsmåla som blei stilt i intervjuet, kan validiteten svekkast noko på det grunnlaget at dei ikkje har vorte validert gjennom tidlegare forskning på dette området. Eit utkast av spørsmålsguiden blei diskutert med rettleiar, men den endelege spørsmålsguiden utarbeidde eg sjølv. Begge informantane hadde fått oppgitt tema for oppgåva, men ikkje kva spørsmål som eg skulle stille. Dette var eit bevisst val frå mi side, då eg ville vite kva dei tenkte når eg stilte spørsmålet, og ikkje kom med planlagde svar. At dei ikkje fekk utdelt spørsmåla kan ha både ein positiv og ein negativ effekt. Det positive er at informantane svarte ut i frå den kunnskapen dei hadde då og at svara viser korleis det er, heller enn at informantane har eit ferdig svar, som kanskje ikkje heilt viser realiteten i barnehagen. Det negative med dette kan vere at informantane gløymer deler som er relevant, at dei kan bli nervøse og at eg difor ikkje fekk like grundige svar.

Fordelen med denne typen intervju var at undervegs kunne eg stille klargjerande eller utdjupande spørsmål for å få betre innsikt i det informantene snakka om. Ved å bruke lydopptakar under intervjuet fekk eg halde fokuset på informantene utan frykt for å miste datamaterialet. Det at lyden skulle takast opp var litt skremmande for den eine informantene, noko som igjen kan ha påverka intervjuet.

Der eg har brukt direkte sitat frå informantane har eg gjeve att informantane sine ord direkte, og elles i teksten har eg prøvd å gje att det som har blitt sagt så nøyaktig som mogleg for å vise reliabiliteten til datamaterialet.

## 7.0 Konklusjon

I denne oppgåva har eg prøvd å ha fokus på korleis pedagogar i utvalde barnehagar legg til rette for bruken av dei estetiske faga, og korleis pedagogane planlegge for, organiserer og nyttar seg av kunst og musikk. Eg har lagt fram teoriar som eg har knytt opp mot problemstillinga, og i metodedelene har eg forklart korleis eg har gått fram for å få svar på problemstillinga. I den siste delen av oppgåva har eg presentert det innsamla datamaterialet og drøfta dette opp mot relevant teori.

Gjennom intervju har eg samla inn informasjonen og blitt merksam på kor viktig samanhengen mellom teoretisk kunnskapar og praktiske ferdigheiter er. Informantane har begge mykje og god kunnskap om korleis dei vil legge opp dagane og kva dei meiner er viktig for gjennomføring, kvifor dei estetiske faga er fag som bør bli vektlagd i barnehagekvardagen og kor stor tyngde dei faktisk får i forhold til andre oppgåver som skal utførast.

Begge informantane ser at dei estetiske faga har mange bruksområder og er eit viktig tema å arbeide med i barnehagen, og at bruken er med på å føre til utvikling på fleire nivå, ikkje berre innanfor eige fagområde. Estetiske faga handlar om å skape opplevingar for alle sansane, og er såleis ein god reiskap for utvikling på fleire felt, og som skal resultere i at barna sjølve får komme med eit skapande uttrykk.

Pedagogar og barnehagen sine tilsette har også eit ansvar for kva kunst og musikk som dei vel å formidle til barna, og dette syner informantane å ha forståing for. Dei prøver i stor grad å la barna få innblikk i mange forskjellige teknikkar, kunstformer og med forskjellige sjangrar innanfor estetiske fag. Informantane ser også kva rolle bruk av personale, romfordeling og planlegging har å seie for kor gode og realiserbare aktivitetane er, og måten begge informantane nyttar seg av desse ser ut til å vere effektive.

Mitt inntrykk er at begge pedagogane arbeider med stor entusiasme med fagområdet «Kunst, kultur og kreativitet», og at dette fagområdet er noko som dei brenn for. Dette kan også vere på grunnlag av at dei to informantane mine sjølv hadde fordjuping innanfor fagområdet og såleis har utvikla ei særskild interesse, som andre kan mangle. Eg føler også at sjølv om dei prøver å få inn dei forskjellige faga er der visse delar som får meir fokus enn andre. Sjølv om pedagogane seier dei prøver å dra inn alle dei ulike delane så er det likevel formings- og musikkaktivitetar som er enklast å gjennomføre. Det er ofte enkelt å ta fram og krev ikkje like mykje planlegging som å skulle gjennomføre gode opplegg i drama eller dans. Likevel ser eg at dei to pedagogane arbeider godt med fagområdet, og i kvardagen prøver dei og prioritere å skape gode rom for dei estetiske aktivitetane, både gjennom romforvaltning, bruk av personalet, val av aktivitetar som dei vil gjennomføre og gjennom korleis dei formidlar viktigheita og skapar gode diskusjonar i personalgruppa om viktigheita av desse faga.

Eg vil konkludere med at det finst mange ulike måtar å skape gode situasjonar der barna får opplevingar med kunst og musikk, og arbeidet som pedagog er å prøve å skape så gode forhold som råd, slik at både barn og personalet skal få utvikle seg gjennom dei estetiske faga.

### 7.1 Veggen vidare

Ved ei anna anledning ville det vert interessant å sjå nærmare på korleis fleire forskjellige typar barnehagar vektlegg og planlegg aktivitetar innanfor det estetiske fagområdet. I denne oppgåva har eg tatt føre meg to forskjellige barnehagar som har ulik pedagogisk profil, men det var ingen av dei som var kunst- eller musikkbarnehagar. Dette er barnehagar som jobbar aktivt med kunst og musikk som ein aktiv del av barnehagen sin kvardag, og det ville vore morosamt å få med ei slikt perspektiv.



## 8.0 Referansar

- Aalberg, E., A. (2006). Hvordan arbeide med musikk? I: Sæther, M. & Aalberg, E., A. *Barnet og musikken. Innføring i musikkpedagogikk for førskolelærerstudenter* (ss. 122 – 144). Oslo: Universitetsforlaget.
- Allern, Tor-Helge. 2011. «Er det plass for kunstfag i skolen etter PISA?». Henta frå <http://www.kulturradet.no/kunstloftet/vis-artikkel/-/kl-artikkel-allern-maitekst> 20.08.15
- Askland, L (2006). *Kontakt med barn*. Oslo: Gyldendal Norske Forlag
- Askland, L. & Sataøen, S., O. (2009). *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Befring, E. (2015). *Forskningsmetoder i utdanningsvitenskap*. [Oslo]: Cappelen Damm Akademisk.
- Bergen Kommune (2010, 10.november). «Den kulturelle Bæremeisen». Henta frå <https://www.bergen.kommune.no/omkommunen/avdelinger/barnas-kulturhus/6803> 03.12.15.
- Bergsland, M.D. & Jæger, H. (2014). *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen*. [Oslo]: Cappelen Damm Akademisk
- Bumford, Anne (2008). *Wow-effekten: globalt forskingskompendium om kunstfagenes betydning i utdanning*. Oslo: Musikk i skolen
- Breivik, J.-K. & Christophersen, C. (2013). *Den kulturelle skolesekken*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Brendeland, T., A. (2009). *Magiske samlingsstunder*. Oslo: Pedagogisk Forum
- Carlsen & Samuelson (1988). *Inntrykk og uttrykk. Estetiske fagområder i barnehagen*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Ese, K (2007) *Av glede lagar vi musikk*. Oslo: Norsk Musikforlag
- Fugle, G., K. (2012). *Rytmen mellom oss. Bruk av musikk i arbeid med barn og unge*. Leikanger: Skald.
- Kulturrådet (2012, 29. oktober). «Den kulturelle skolesekken. Nasjonal satsing på kunst og kultur til alle elever». Henta frå <http://www.kulturradet.no/dks/om-dks> 03.12.15.
- Kunnskapsdepartementet (2011). *Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen*. Oslo: Departementet
- Larsen, A., K & Slåtten, M., V (2011). *En bok om oppvekst*. (3.utg.) Bergen: Fagbokforlaget

- Larsen, A. K., & Slåtten, M. V. (2014). *Nye tider - nye barnehageorganisasjoner*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Manger, T., Lillejord, S., Nordahl, T., & Helland, T. (2009). *Livet i skolen 1. Grunnbok i pedagogikk og elevkunnskap*. Bergen: Fagbokforlaget .
- Rikskonsertene (2015). «Om barnehagekonsertar». Henta frå <http://www.rikskonsertane.no/barnehagekonserter-1/> 03.12.15
- Skogen, E. (2013). Ledelse i barnehagen. I E. S. (red.), R. Haugen, M. Lundestad, & M. V. Slåtten, Å *være leder i barnehagen* (ss. 23 - 53). Bergen: Fagbokforlaget.
- Store norske leksikon (2005 - 2007). «Teknikk». Henta frå <https://.snl.no/teknikk> 07.09.15.
- Sæbø, A., B. (2010). Kunstfagenes plass i barnehagen. I: Bakke, K., Jenssen, C. & Sæbø, A., B.(Red). *Kunst, kultur og kreativitet. Kunstfaglig arbeid i barnehagen.*(ss. 15 – 42).
- Sæther, M. (2006). Hva er musikk? I: Sæther, M. & Aalberg, E., A. *Barnet og musikken. Innføring i musikkpedagogikk for førskolelærerstudenter* (ss.11 – 36). Oslo: Universitetsforlaget.
- Sæther, M. & Hagen, T., L. (2013). Kreativ utfoldelse ute, gjennom bevegelse og drama. I: Sandseter, E., B., H., Hagen, T.,L. & Moser, T(red). *Barnas barnehage 3 - Kroppslighet i barnehagen. Pedagogisk arbeid med kropp, bevegelse og helse*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Thorbergesen, E. (2007). *Barnehagens rom – nye muligheter*. Oslo: Pedagogisk Forum

## 9.0 Vedlegg

### 9.1 Vedlegg 1: E-post til styrar

Hei

Mitt namn er NN. Eg går tredje året på Barnehagelærerutdanninga ved Høgskulen i Volda. Eg skal til å skrive mi bacheloroppgåve om fagområdet "Kunst, Kultur og Kreativitet", og leitar i den forbindelse etter pedagogiske leiarar som vil ta seg tid til å bli intervjuet om bruk av musikk, forming og drama i barnehagen. Det vil vere kring 10 spørsmål om metodar og korleis ein arbeidar med fagområdet i barnehagen.

Eg lurar difor på om det er nokon i dykkar barnehage som vil sette av 30 - 45 minutt til ein samtale/intervju om dette tema.

Intervjuet vil bli tatt opp og transkribert i etterkant, og det vil bli skrive på standardisert nynorsk. All informasjon vil bli sletta så snart oppgåva er godkjent, seinast slutten av januar 2016.

Eit eige infoskriv vil bli gitt til informanten om dette dersom de har nokon som er interesserte. Det er også mogleg å trekke seg frå intervjuet ved eit seinare høve.

Håpar på positivt svar.

NN.

## 9.2 Vedlegg 2: Informasjonsskriv til informanten

Eg vil med dette takke for ditt bidrag til mi bacheloroppgåve «estetiske fag i barnehagen», og dine tankar rundt dette temaet er av stor hjelp og interesse for meg. Målet med denne oppgåva er å sjå korleis personalet i ulike barnehagar legg til rette for faga i fagområdet «Kunst, kultur og kreativitet».

Vegleiaren min er Stein Helge Solstad ved Høgskulen i Volda. Arbeidstittelen og problemstilling er under bearbeiding og kan bli endra undervegs. Førebels problemstilling er «korleis legg personalet i barnehagen til rette for bruk av kunstfaga musikk, drama, forming og dans i barnehagekvardagen, med særleg vekt på musikkfaget».

Dei empiriske innsamlingane av data vil føregå gjennom eit eller fleire djupneintervju med eit utval av pedagogiske leiarar i fleire barnehagar. Eg ynskjer å ta opp vår samtale med ein digital lydopptakar fordi det vil vere til god støtte for meg under analysearbeidet i etterkant. Alle opplysningar som eg får tilgang til blir oppbevart konfidensielt under prosjektperioden, og ingen enkeltperson vil kunne identifiserast i det materialet som blir publisert. Lydopptak slettast og øvrig datamateriale vil bli anonymisert.

Moglegheit for oppfølging via telefon eller observasjon av ein aktivitet i barnehagen:

Ja: \_\_\_\_\_ Ja, kun via telefon \_\_\_\_\_ Nei: \_\_\_\_\_

Bacheloroppgåva skal vere ferdig innan 21.12.15. Det er frivillig å delta, og du kan når som helst trekke deg frå prosjektet utan å måtte grunngi dette.

Eg har mottatt skriftleg informasjon og er villig til å delta i studien.

---

Signatur og dato

Eg ser fram mot eit godt samarbeid.

Om du har nokre spørsmål eller kommentarar, ta kontakt.

[Fornamn, etternamn]

[Telefonnummer]

[E-postadresse]

### 9.3 Vedlegg 3: Intervjuguide

#### Del 1: Biologisk intervju

1. Fortel litt om deg sjølv
  - a. Namn
  - b. Alder
  - c. Utdanning
  - d. Kor lenge du har arbeidd i barnehage
  - e. Noverande stilling,

#### Del 2: Barnehagen og avdeling

2. Kor lenge har du arbeidd med denne aldersgruppa?
  - a. Kor mange barn i aldersgruppa?
3. Har du eller nokre i personalet har særleg fordjuping/ utdanning innanfor eit fagområde?
  - a. Kva fagområde gjeld i såfall dette?
  - b. Eller er der nokon som har ei særskild interesse for eit fag?

#### Del 3: Hovudintervju

4. Korleis jobbar du med fagområdet «kunst, kultur og kreativitet»?
  - a. Har barna dagleg tilgang til instrument, utkleddingsutstyr, materialar og utstyr til skapande verksemd? (RP11)
    - i. Korleis blir dei oppbevart?
    - ii. Rombruk?
  - b. Oppmodar barnehagen si bruk av musikk, forming og dans til å la barna bruke fantasi, kreativ tenking og skaparglede? (RP 2011)
  - c. Opplev du at dei estetiske faga er med på å utvikle barn sin språklege og sosiale kompetanse? (RP11)
    - i. Korleis opplev du at musikk og rytme er med på å styre barna si utvikling?
5. Kor kompetent føler du deg til å leie dans-, song-, musikk- og dramaaktivitetar i barnehagen?
  - a. Korleis føler du resten av personalet opplev det å leie desse aktivitetane?

- i. Kva har musikalske ferdigheiter blant personalet å seie for musikkformidlinga i barnehagen?
  - b. Er du opptatt av å følgje planar eller er de opne for barna sitt eige initiativ i desse aktivitetane?
- 6. Korleis legg de til rette for barnestyrt aktivitetar innan musikkfaget?
  - a. Får barna bruke instrument i frileik, uteleik eller anna type leik?
- 7. Korleis brukar de musikk i formelle og uformelle situasjonar?
  - a. Er det noko skilnad i bruk mellom småbarn og storebarn?
  - b. Korleis er di ideelle samlingsstund?
- 8. Kva musikk nyttar barnehagen seg av?
- 9. Er det noko du sjølv føler barnehagen burde gjere annleis eller meir av?